

Emnenr. 12

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Meland

Emne: Gamal engkultúr.

Bygdelag: Meland.

Oppskr. av: Elias Njåtveit

Gard: Njåtveit

(adresse): Trekhang om Bergen.

G.nr. 22 Br.nr. 8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Keigi røynsle o. a.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*Ett. f. 1844, Heimstad: Njåtveit i Meland
Småbrøkar.*

SVAR

1) Ein kjende nokk godt ordet *eng*, men det høyrde
kje nett bygdemålet til. Ein sa mykje
bakkar, Tannböen (skrapslätt), Utslätte.

Sakra, sa helst dei gamle i min ungdom,
bündi form ekrå. Ekrå kunde også vera namn
på ein stor åkerstundom. Den tidi vart det
dyrka meir høvde en seinare, då det vart
lettare å få kjøpe korn (reinkorn: bygg) i
Bergen. Skulle ein avla mykje av matkornet
sjølv laut ein ha store kornåkrar. Ein hadde
namn på åkrane. Soleis kan eg enno hugsa
Jo-ekrå og Lilla-Joakrå, Ekrå, Storåkeren,
Johans-åkeren o.s.b. Attlegg var namn
på åkerattlegg: åker attlegg til bö.

Gjense namn på böen var:

Godböen, Tannböen, skrapböen.

Utslätta utanfor bøgaren hev
det kje vore i Meland. Flaustoglianer
vart det slege smågras same stader,
der det var opningar millom trei.
Etter at künstgjødsele vart komen,
vart det slege mindre og mindre på
slike skrapslätte-teigar. I staden vart
godböen gjødsla sterkare og alle stader,

§ 2
 so grasveksteren der anta mykje.
 Temningar på ymse slags gras høy var
 långhøy og småhøy. På heimelåen
 var det også skilje millom langorr=
 slåtte og stuttorr=slette. I eldre tid
 var det berre karane som slo med
 langorr. Kvinnorne slo med
 stuttorr. Seinare tok også mange
 kvinner seg til å slå med langorr.
 Det var betre for ryggen på flat mark
 og ein slo forare.

2
 Rydning. Der det hadde lege kugjødse,
 laut det rydjast, når graset tok til å
 tyta opp. Til å raka det i hop nytta
 ein "midleriva". Då gj kugjødse
 vart kasta ut om hausten etter
 haslatten eldes om våren, laut
 gjødsele ei tid etter midlast. Det
 som regnet ikkje hadde mølbra
 opp, laut midleriva til slut slå
 fint, so det ikkje vart attleggjande
 klumpar, som kom i høst.

Der som var kvist og lauv,
 måtte også rydjast om våren.
 Dette vart først raka i dungar,
 som vart kalla rydjingadungar.
 Låuv nytta ein til underbreidsla
 under kyr og smale. I kalvegarden
 og grisagardar. Var rydjingadun-
 gane ~~av~~ ^{av} kyrarøt lurre, vart
 dei gjerne nytta til å ha i flæs-
 renna. Dei ~~så~~ saug då mykje
 kullann i seg — og vart verdfull
 gjødsele til neste år.

Alle stader, som var noko å rydja, laut rydjast. Noko lauvskog fanns på alle gardar. Var der slakteiegar millom to skogteigar t. d., so vart der lauv å rydja. På bakkanne elder myrane attmed skoglider vart ogso lauv og kvist til å rydja. Kvist vart nytta til brennsel, lauv til underbreidsla under kalvar og smale. Lauv hev ogso vore nytta til å røykje vørsild med. Slike som hadde mykje lauv brende gjerne noko rydjingadungar. Oska av torv og ved vart vanleg nytta til gjødsel. Same bar oska frå omnen og grua og slo på marki. Andre slo oska i mottingi.

Det vart gjort mykje for å rydja vekk store og små steinar frå grasbøen. Mykje stein vart nytta til holveitastein. I gamal tid tok mange holveitane sine allfor grünne. Myrane vart ikkje godt turre - og gav ikkje gras som ein god bakke. Seinare lærde ein å taka grøfterne djupare og ikkje ha deim for langt ifrå kvarandre.

3) Mosevaksi eng. Var det ikkje beste slag jord, hadde dei ikkje gjødsel nokk til å få slike mark i hevd. Gjødselen rakk berre til noko av den beste jordi, og so laut ein skifta på det etter beste skjøn.

4) Myr og vassjukt eng. God myr vart tidleg betre og betre grøfta. Men

34 vate sumpmyrar fette ligga lengje
i ro. Det er i seinare år slike myrar
hev vorte laga om til godbø.

Eg veit ikkje at grasfrø hev vore
bruka til anna en attlegg.

4 Myr og vassjukt eng. Våtning.

Beve ei og omror blantmyr
var turrelagd fyre mi tid.

Våtning av eng hev hev eg aldri
set eller høyrst gjete. Vestlandet hev
jammaste allfor mykje vatn, so
hev hev det kje trængjest med noko
våtning.

Gjødsling.

I mine besteforeldre si tid og eldre
havde gardbrukarane etter måten
mykje åker. Og det var alt kornåkrar.
Dei træng dei mesteparten av vinter-
gjødelen til åkrane. Det var den
gangen det viktigaste. Mjølkei var
kje so lett å selja og prisen var liten.
Dei fleste bruka selde berre lite grann
sørmjolk. Då korn frå utlandi
kom i handelen, kjøpte ein noko
av det kornet ein skulde ha til mat.
Godbøen fette då ogso noko gjødse
Smalegjødelsen vart helst nytta til
åker. Dette skifte tok til i far min
si tid. Han var fødd 1841.

Umlag halvparten av vintergjød-
selen vart nytta til enggjødsling.
Heilt likt hjå alle var det ikkje.

Pauemök vart helst nytta til poteter, da dei var vortne vanlege. Ein la da möki på rasterne etter kvart som ein spadde. Poteterne vart gode med slik gjödsel. Da det alltid vart i knappaste laget med gjödsel, laut åkeren i alle høve få nokk. Den beste grasmarki, den som gav mest, laut so få sitt. Og det som da var att, laut pinast utover so langt det rakk. Det var „svak gjödsling“.

5) Godbøen vart tidleg gjödsle med vinter-gjödsel, so langt han rakk. Skrapbø fekk aldri gjödsel. Vintergjödselen rakk ikkje til all godbøen helder. I den eldste tid rekna dei gjerne so, at ein måtte få möki til å rekkja langt endå om det vart lite på. Seinare kom dei etter, at ein tente på å gjödsle sterkt, endå om det ikkje rakk so vidt. Kalla kvart rekna dei nokk visse lass til kvart engstykkje.

6) Lerskilde namn for eng gjödsle med vinter-gjödsel veit eg ikkje om. Ordet „töa“ brukta dei her, men det var om slike stader, der det var gjödselsig t.d. frå möttingi. Der var töa, sa folk og dei tala om tögras. Dette vart sagt slik slag og i same tydna endå. Graset frå slike stader vart og vert kalla tögras. — På høyt frå slike stader hadde folk ikkje noko sernamn.

7) Leget frå möttingi vart kalla töa. Ei liti gress og stundom fleire vart laga, so

2015

56
gjödselen skulde sigja útover der han mest
trængst. Talles vilde det gjerne verða allfar
geitt tætt ved mottingi.

87
Lengi var gjödsla stundom haust og
stundom vār. Det kundu vera so
önnse med det. Noko om vāren og
noko om hausten var det stundom
gjödsla. Om hausten laut ein fö gjödselen
tidleg út, om han skulde gjera full nytte.
Var det sars kært ver om vāren, spates
det mindre eller gjödslingi. Og kom
gjödselen for seint út om hausten
var det på same mātēn.

Greipi var det reidskap ein lesste med
og kaste gjödselen útover böen med.
Priva var det reidskap ein bomüdra
gjödselen jant útover med, när den
var noko utrigna. Harven kom
seinare. — Greipi hev havt ein lang
utvikling. Eg hev set ei greip som
var kilt av tre. Og treet var slík
vokse, at der var 3 tindar på greipi.
Det mätte vera tungvintt á arbeids
med ei slík greip. Eg hev set ymse
former av jirngreipar laga av smedar.
Dei som havde so store gardar, at dei
havde hest, dei fekk gjödselen jant útover
ved á hogga ei höveleg stor björk og
nytta den som harv. Björki kundu
tyngjast ned ved ein stokk eller stave,
som ein batt fast til \times greinern —
tuers over „harven“. Ei höveleg björk
harva bra. Moderne reidskapar tok til

å koma i bruk kring 1890-åri .

§ 7

§ 8

8
8
å koma i brøkk kring 1890 ári.

9. Det hev vore brúka her á lata húsdýri beita ute om haustane. Ketter háslatten vart kyrne sett i bann kringom þá bóen. Í eldre tíð gjekk kyrne (og hestar) ute i útmarki heile sumrane - til ein havde fengje i hús. Í Undtaken nyberde kyr. Nár kyrne kom heim or marki, vart dei fyrst sette i bann. Nár beiti var snáuetne, "slepte dei láust". Kvart brúkk var ikkje inngjerd for seg, difor láut det ventast til alle þá garden havde fengje i hús. Þá varstúdde dei þvarandra: "Í morgo sleppa me láust." Þá fekk kyr og hestar og smale ganga frítt over heile garden.

Seinare vart det etter kvart ústípping þá gardane - og lá vart det slát með denne láussleppingi. Nô vart det meir og meir til det, at det vart sett opp gjerde av stein millom kvart brúkk.

Men þú kvart steingard stengde ikkje for smalen. So vart det til det, at smalen meir og meir vart rydda út.

Det var meiridrifti som nú vart den vîgligaste.

Om váren var det ikkje noko á beita. For bóen havde ikkje den gjödsel, dýri lá etter seg stort á seia. All beiting var for á spara þá inneforet. Godt beite gav ogso meir mjólk en túrt hóg.

Þá úgjödsla skrapbó vart ikkje noko til á beita. Det var same engstykje, som vart

beite vår og haust.

- 10) Langbeiting hev ikkje gjenge or bruk.
- 11) Gjødseleu, dyri la etter seg, slo ein utgver med riva, nær ein rydja — om det trøngst.
- 12) Dyri vart sette innatt i fjøset om natti. Smalen låg ute. Rettelig utslåter finns ikkje i Meland.
- 13) Gjø § 12. no. 12
 * Grindgang eller kviing hev ikkje vore i bruk her i bygdi. Frå no 14 til å med 18 er utgjund her.
- 14) Støl er vanleg brukt her. Her tyder det å gå på stölen det same som å gå i utmarki og mjölka beisti. Styrne kom jant ~~til~~ heim til bögaren — ardi dei vente å få ein godbete (kusk kalla) medan dei vart mjölka.
- So langt attende, at her var lite folk i bygdi, småe dyrka gardar, men mykje utmark, då kankende namne stöl er kome upp — i same tyding som der folk no hev stölar på setri. Eke hev ein gard i Meland som heiter Saterstöl. Her er ogso markestykke, som vart kalla Stölen.

20

Her hev ikkje vore setrar i Meland i menns minne. Men namne Træst, finns mange stader attmed heimboen. Det tyder pålag det same som det moderne „kulturbæde“. Træ var ingjerde måkestykke oppdyrka til godt beite åt kyrne.

21)

Attaå husdyrgjødselen tok folk vel vare på
menestje-gjødselen. Ein hadde jemt i gamal
tid spadd opp eit hol i marki. Der skulde
denne gjødselen samlast og blandast med
myrmold. Dette var i eldste tid.

Desse gjødselsamlingsstadene fekk
ogso andre slags gjødselene:
fiskeavfall, "sütlevatn" o. a.

Denne gjødselstaden vart kalla Dün-
gen.

Andre gjødselslag var bosjødsel frå
Bergen. Den vart førd her til på store-
båtar — eit tungt og slitsamt arbeid.
Det vart helder ikkje lettvindt å rydja
böen etter slik gjødsel. Der var knu-
ste flaskor, knust steinty, jærnskram-
mel og mangt anna kart. eller
mykje gras vart det etter dette gøte-
sop. — Eit anna slag gjødsel frå
Bergen var kaup (latrinegjødsel).

Den måtte ein hava på tannor. Om
sumaren, då desse lag ubrøkte, gisna
dei opp og datt stav i frå stav. So
dette var mykje skrev med.

Ikke alle dreiv med slik gjøds-
ling og ingen gjorde det helder alltid.

Då kunstgjødselen kom, vart det
heilt slutt med denne gjødselen frå
byen. — — Oska vart antan
kasta i "düngen" eller på marki med
ein gong.

Elias Myjålvik.

Nordland.
Meland.


I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

- Nr. 5 Vassbæring. Denne måten å lera-drage vatn på hev eg aldri høyr om her på våre kantar.
- Nr. 12. Her ikkje høyr snakk om brukning av fiskebein og fiskehovud til brensel. Kan henda det hev vore brukt ute i havgarden, der det ikkje finnst torr. Sidan skogen vart øydd ut her i Meland, hev folk hjelpt seg med torr. No er torvmyrane mykje utlekte og same lgt kjøre ved og kol.
- Kumøkk hev heller ikkje vore noka brukt til brensel. I ei knipe for eit høve kan ein og annan ein sjeldan sjå til fiskebein og fiskehovud på marki.